
LEIARSEMINAR 29. – 30. november 2021, Seksjon for leiing, Norges museumsforbund

Endeleg kan vi treffast! Etter lang tid utan fysiske møtestader, er styret i seksjon for leiing svært glade for å kunne invitere til leiarseminar til hausten! Vår ambisjon er å skapa ein møtestad for museumsleiarar, med ulike tema som ramme. Derfor har vi, i tillegg til det som teiknar til å bli eit svært spennande program, lagt opp til romleg med tid for dei gode samtalanane.

Å leia eit museum er ein allsidig jobb! Museumsleiing byr på eit stort mangfald av fagoppgåver, omfattar mange samarbeidspartnarar og er tenkt å løyse mange samfunnsutfordringar. Denne gongen har styret for museumsleiing i Norges Museumsforbund gleda av å ønskje dykk velkomne til seminar rundt tema Mangfaldsleiing.

I det siste tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet har me alle blitt utfordra på mangfald.

Kva er mangfald i museumsverda? Er det først og fremst knytt til ei mangfaldig målgruppe for arbeidet vårt? Vi skal inkludera og vera tilgjengelege for alle. Vi museumsleiarar tilset mange dyktige medarbeidarar, men har vi mangfaldige tilsette i norske museum i dag? Blikka deira er også viktige for å kunne dokumentere, forske og formidle mangfaldet i det norske samfunnet. Treng vi eit nytt og breiare perspektiv på samlingane våre? Departementet ber oss om å lage gode og langsiktige strategiar for mangfald i musea våre. Vi skal leggje vekt på samfunnsgrupper som i dag er underrepresenterte, men let dette seg sameine med kravet til stendig meir profesjonalisering i musea våre?

For å setje lys på og debattere mangfaldsleiing i norske museum, har vi invitert foredragshaldarar frå forskingssektoren, næringslivet, politikken og museum.

Seminaret i år vert lagt til Oslo, høvesvis til Gamle Museet (tidlegare Astrup Fearnley Museet) og nye Munch. Som tidlegare blir dette eit lunsj til lunsj-arrangement. Sjølve seminaret vert på Gamle Museet, medan vi får ei eksklusiv omvising på ettermiddagen og middag på måndagskvelden i dei nye lokala på Munch.

Vel møtt!

Siri Aavitsland

Arne Julsrud Berg

Nina Refseth

Magnus Sempler Holte

Hege Hauge Tofte

PROGRAM

DAG 1 - MÅNDAG 29. NOVEMBER

- 10:30 Registrering
- 11:30 Lunsj
- 12:30 Velkommen v/styreleiar Siri Aavitsland
- 12:40 Innleiing ved **sentral kulturpolitkar**
- 13:00 **Åse Røthing:** «*Mangfold og mangfoldskompetanse - utfordringer og muligheter*»
- 14:00 Pause
- 14:30 **Guri Langmyr lochev:** «*Et krafttak for mangfold i museum og kulturliv*»
- 15:30 Fri til innsjekking og omkloding
- 17:30 Oppmøte og velkomst på nye Munch
- 18:00 Omvising på Munch
- 19:00 Middag på Munch

DAG 2 - TYRSDAG 30. NOVEMBER

- 09:00 **Michelle Tisdel:** «*Mangfoldsblikk? Museer, samlinger og samfunn*»
- 09:45 **Steinar Olsen:** «*Mangfold og inkludering – fra ord til handling*»
- 10:45 Pause
- 11:15 **Paneldebatt:** Nina Refseth summerer opp og leiar ein samtale med; *Åse Røthing, Guri Langmyr Lochev, Hans Phillip Einarsen, Michelle Tisdel og salen.*
- 12:30 Lunsj

Foredragshaldarar:

Åse Røthing

er professor ved OsloMet med brei røynsle innan emna mangfald og normkritisk pedagogikk.

Guri Langmyr Lochev

er leiar for seksjon for Infrastruktur og Mangfald i Kulturrådet. Ho er Cand.polit. i sosialantropologi.

Michelle A. Tisdel

har doktorgrad i sosialantropologi og har jobba som forskingsbibliotekar ved Nasjonalbiblioteket sidan 2008, med fagansvar for emna migrasjon og mangfald.

Steinar Olsen

er Stormberggründer og eigar med mangeårig røynsle frå praksisfeltet mangfaldsleing.